

Bkk Nett AS  
Postboks 7050  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/10206 - 20/54283

Saksbehandlar:  
Elin Houlison Molvik  
elin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
02.09.2020

## Dispensasjon frå reguleringsplan og svar på forelegging av ny nettstasjon og kabeltrase - gbnr 323/617 og 323/610 Frekhaug

**Administrativt vedtak:** **Saknr:** 880/20

**Tiltakshavar:** Bkk Nett AS

**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (tbl.) § 19-1

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå detaljregulering Danielsen skule/planid.: 125620110005 føremål SPP1 og GV2 for oppførign av ny nettstasjon og legging av kabeltrase.**

**Tiltaket er omfatta av områdekonsesjon og krev ikkje vidare handsaming etter plan og bygningslova. Utøver dette har avdeling for Plan- og bygesak i Alver kommune ingen merknad til førelegginga av anlegget.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremål parkering (SPP1) og til dels grøn vegetasjonsskjerm (GV1) mellom parkering og gangveg innan reguleringsplan – Detaljregulering Danielsen skule/planid.: 125620110005. Søknad er levert i samband med forelegging av ny nettstasjon og kabeltrase for å sikre strømforsyning til nye Danielsen skule på Frekhaug.

Ny nettstasjoner opplyst å ha eit bygdareal på 6,7 m<sup>2</sup>, høgde på om lag 2,7 m.

Det vert elles vist til søknad motteken 01.04.2020.

## **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 01.04.2020 og frist for sakshandsaming er 12 veker fra denne dato.

Grunna stor saksmengde og redusert bemanning i perioden har søknaden dykker dessverre ikke vore handsama ved tidlegare høve. Vi seier oss leie for eventuelle ulempe dette kan ha påført dykk.

## **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen – Detaljregulering Danielsen skule/planid.. 125620110005 er definert som parkeringsareal (SPP1) og til dels som grøn vegetasjonsskjerm (GV1).

## **Dispensasjon**

Det er søkt om dispensasjon fra byggegrense for plassering av ny nettstasjon i tillegg forstår vi søknad til å omfatta dispensasjon fra arealføremål parkering og grøn vegetasjonsskjerm:

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

(...)Tiltaket: frittstående utvendig betjent nettstasjon for strømforsyning av nye Danielsen ungdomsskole med mer. Tiltaket er flyttet vekk fra skolebygning og trekt lenger vekk fra barnehagen pga føre – var - prinsipp med tanke på elektromagnetisk stråling. Tiltaket vil så langt BKK forstår ikke være til ulempe for sikt eller annet for trafikk i Holtermandsvegen, ei heller for brukere av gangvegen. Plasseringen er sterkt ønsket av utbygger av skolen, alternativ plassering ville tatt verdifullt skoleareal. Tiltaket er plassert på p-plass til skolen, påkjøringsvern inkludert.(...)

I skriv om forelegging av ny nettstasjon er tiltaket skildre slik:

(...)Denne foreleggingen gjelder etablering av elanlegg innen rammen til områdekonsesjon. Etter vilkår i konsesjonen skal planene for nyanlegg forelegges for kommunen, fylkesmannen, grunneiere, rettighetshavere og andre aktuelle parter. Foreleggingen gjelder for følgende tiltak.

## **Informasjon om tiltaket:**

Ny nettstasjon med navn «21132 Danielsen, Frekhaug» samt tilhørende kabelanlegg. Plassering og omfang som vist på vedlagte kart. Nettstasjonen blir på gnr 323 bnr 617 i Alver kommune. Kabelanlegg vil også i liten grad berøre gangvei på gnr 323 bnr 610. Tiltakets spenningsnivå: 400V, 22kV, signal.  
Nettstasjonen har en størrelse på ca.6,7kvm og er ca.2,7 meter høy som vist på vedlagte målskisse.

## **Systemmessig begrunnelse:**

Nettstasjonen med tilhørende kabelanlegg er nødvendig for strømforsyning av nye Danielsen skole på Frekhaug.

## **Forhold til eksisterende arealplaner, samt konsekvenser for miljø og arealbruk**

Plan-ID 1256\_20110005 er gjeldende. Etter utbyggers eget ønske er tiltaket plassert på areal avsatt til «Parkeringsplassen». Tiltaket vil beslaglegge areal tilsvarende 2 bilplasser. Det er tilstrekkelig avstand til skole- og barnehagedrift med tanke på eventuell strålingsfare. Det er tatt hensyn til at barnehagebygning kan utvide nærmere tiltaket uten å komme i konflikt med føre-var-prinsipp med hensyn på stråling.

Det er så langt tiltakshaver kan forstå ikke konflikt med kulturminner, verneområder eller kulturlandskap.(...)

### **Uttale frå anna styresmakt**

Søkjar har innhente førehandsuttale frå Alver kommune avdeling for Samferdsle, veg, vatn og avløp. Søknaden er i tillegg sendt Fylkesmannen i Vestland.

Det er henta inn slik uttale frå Avdeling for Samferdsle, veg, vatn og avløp datert 03.04.2020, arkivsak 20/7868:

(...)Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg i regulert område. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning er uttalemynde for dispensasjonssøknader i regulerte områder. Vedtak om dispensasjon vert gitt av byggesak etter plan og bygningslova.

#### Informasjon om saka:

BKK Nett AS søker om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for oppsetting av ny nettstasjon. Nettstasjon skal forsyne nye Danielsen undomsskule med strøm. Etter ønske frå skulen skal nettstasjon plasserast på skulen sin parkeringsplass. Nettstasjon er plassert slik at den ikkje tek verdifullt skuleareal.

#### Vurdering/drøfting:

Plassering av nettstasjon på parkeringsplassen sikrer at BKK Nett AS får ei god tilkomst til bygg for vedlikehald. Plasseringa tek ikkje sikt og er ikkje til hinder for trafikken i den kommunale vegen. Fartsgrensa langs kommunal veg er 30 km/t.

Samferdel, veg, vatn og avløp forvaltning sett følgjande vilkår i vår uttale:

- Minste avstand frå midt kommunal veg og nærmeste del av nettstasjon skal være minimum 8,1 meter. Minste avstand frå midt gangveg og nærmeste del av nettstasjon vert då minimum 3,6 meter.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert i byggegrense mot veg. Dersom det oppstår skader på tiltak, som følge av tiltaket sin plassering, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av tiltak må sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd - andre punktum, at kommunen skal sørge for at føresegne om byggegrense og frisikt etter veglova vert følgt. Før kommunen kan gje løyve til tiltak, skal kommunen sørge for at løyve ikkje vert gitt i strid med lova. Plb 29-4 gjev kommunene heimel til å avslå søknad dersom vegmynde ikkje gje løyve etter veglova.

Dette er ikkje eit enkeltvedtak. Vedtak om dispensasjon vert gitt av byggesak etter plan og bygningslova. (...)

Vidare ligg det føre slik uttale datert 26.03.2020 med omsyn til el-kabelanlegg i gangveg, sak 20/22 (jp.id 20/16640):

(...)Eining for samferdsle, veg, vatn og avlaup -gjev løyve til å leggje el-kabelanlegg i gangveg langs Kv2028 Hp01 , 1 28-1 32m. Det elektriske anlegget må leggast sånn at det ikkje kjem i konflikt med drift og vedlikehold av veganlegget. Det opplystast at det

*sør for fortau/gangveg, ihht detaljert reguleringsplan, skal etablerast parkeringsplass for ny Danielsen Ungdomsskule.(...)*

Fylkesmannen i Vestland får vedtaket til klagevurdering.

#### **Nabovarsel**

Det er ikke lagt ved dokumentasjon på at tiltaket er nabovarsla. Søkjar skriv følgjande i sitt brev datert 26.05.2020:

#### **(...)Avtale med grunneier og melding til naboer ang. tiltaket:**

Skriftlig grunnavtale er inngått med grunneier på gnr 323 bnr 617.

Det er sendt melding til naboer som i større eller mindre grad blir berørt av tiltaket. Det er ikke sendt

melding til naboer som regnes uberørt. Det er sendt melding til følgende naboer:

Nordhordland

folkehøgskole (bnr 323 gnr 519 og 142), Frekhaug Indremisjon (bnr 323 gnr 505).(...)

Vidarer er søknad om forelegging av nettstasjon sendt Fylkesmannen i Vestland.

Administrasjonen legg til grunn at rørde partar er gjort kjent med tiltaka. Kopi av vedtak med klagerett vert sendt til gbnr 323/519 og 142 og til gbnr 323/505.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 06.03.2020.

#### **Terrenghandsaming, tilkomst, avkøysle, parkering, vatn og avløp (VA)**

Ingen konsekvens ved omsøkt tiltak.

#### **VURDERING:**

##### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulempar dispensasjon kan medføre.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense og arealføremål parkering (SPP1) og grøn vegetasjonsskjerm (GV1) i samband med etablering av ny nettstasjon og kabeltrase som ledd i å sikre strauforsyning til nye Danielsen skule.

Administrasjonen si vurdering er at omsyna bak dei nemnde arealføremåla ikkje i vesentleg grad vert sett tilside som følge av plassering av ny nettstasjon og kabeltrase.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at det ligg føre positiv uttale frå avdeling for samferdsle, veg, vatn og avløp både med omsyn til avstand i høve veg og også i høve til legging av kabeltrase i gangveg.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå byggegrense og arealføremåla parkering og grøn vegetasjon er oppfylt.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Regelverk**

- Dispensasjon er søknadsplichtig etter pbl § 19-1.
- Søknad en skal nabovarslast etter pbl § 21-3.
- Krav til privatrettsleg sikra tilgang til vatn og avlaup følgjer av pbl. §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg, jf. pbl § 27-4.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Krav til avfallsplan følgjer av byggteknisk forskrift (TEK) § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsanering følgjer av TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/10206

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon frå byggegrense til KV 2028 - oppføring av nettstasjon for strømforsyning  
gbnr 323/617 Frekhaug

Situasjonsplan

Forelegging Danielsen signert

Søknad om dispensasjon frå byggegrense til KV 2028 - oppføring av nettstasjon for strømforsyning

Situasjonsplan

Målskisse nettstasjon

**Kopi til:**

Bkk Nett AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Frekhaug Indremisjon	c/o Torbjørn Langeland Sagstadvegen 125	5919	FREKHAUG
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Leiketun Barnehage AS	Leiketun Barnehage AS Holtermandsvegen 2B	5918	FREKHAUG
Nordhordland Folkehøgskole	Holtermandsvegen 3	5918	FREKHAUG

**Mottakarar:**

Bkk Nett AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
-------------	---------------	------	--------